Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Juletre og julehalm

Oppskr. av: Ola Rudvin f. 1899

(adresse): Hammerstadgt. 12 B III, Oslo

Fylke: Buskerud

Herad: Hemsedal

Bygdelag: Sörbygda

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Juletre var ikkje i bruk i bygda frå gammalt av. Det var fyrst i min barndom dei tok til med denne skikken. Så vidt eg minnest, vart den fyrste joletrefesten i krinsen vår halden anten året før eller same året som eg byrja i skulen. Etter den tid vart det vart meir og meir vanleg med jole-trefestar og likeeins med joletre i heimane. Noko større oppglöding for denne skik-ken trur eg ikkje det var. For dei eldre hadde ikkje joletreet og skikken med det noko minneverd. Men me borna tykte det var gildt – og nytt.

I denne fyrste tida gjekk dei ikkje rundt joletreet (på joletrefestane). Men me skuleborna sto rundt det og song jolesongane. Det var ljos og glitter og jolekorger (papirkorger) på det.

Etter kvart tok dei til å setja opp joletre i heimane. Men vanleg i alle hus og heimar var det slett ikkje i min oppvekst. Me pynta det med pakkar (jole-korger), papirstrimlar, ljos o.s.b. Det sto

4610

på eit bord eller ein krakk. Det var ikkje endå i bruk å ha det på golvet og gå rundt det. Ut i jolehelga „höyble" me jolebreet, gjerne under ei samkome då granne-borna var med. — Det heile var nytt, ein byskikk. Det slo til over helga (nyttår). Treet var granbuske.

x

__Juleband__ (nek) er sikkert ein mykje eldre skikk. Så vësst som jola kom, vart det sett opp joleband i alle gardar. Det vart heist på ei stong ved låvebrua. Somme hadde gjort det slik at stonga som skulle bera jolebandet, hadde att nokre (gran-) __kvistar i toppen__, omlag som eit lite jolebre. Om dette hadde vore skikk frå gamalt, veit eg ikkje. Men det er truleg. Tradisjon om det har eg ikkje höyrt.

x

I min barndom höyrde eg ikkje omtala nokon skikk med __jolehalm__ på golvet. Men før det kan det godt ha vore skikkar av det slaget.

12-5-50. Ola Rudsm

4610